
Saksnr: 2022/69568-9**Saksbehandler:** Bjørnar Tjøflot

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		17.11.2022
Fylkesutvalet		29.11.2022

Høyring av konsesjonssøknad for Mauranger 2 - nytt kraftverk med overføringer**Forslag til innstilling**

1. Vestland fylkeskommune rår til at Statkraft får konsesjon til alternativ 2 i deira søknad om konsesjon for bygging av Mauranger 2 med overføringer.
2. Vestland fylkeskommune ber NVE sjå utbygginga av Mauranger 2 i samanheng med revisjon av konsesjonsvilkår i Maurangervassdraga.
3. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak i marka.
4. Gravfeltet id. 72967 på Veaneset skal sikrast i anleggsfasen.
5. Fylkeskommunen ber NVE stille vilkår om avbøtande tiltak som foreslått i konsekvensutgreiinga knytt til friluftsliv. Det er og viktig at tiltakshavar har god dialog med lokale turlag og andre interesseorganisasjonar om løysingar som kan redusere dei negative konsekvensane av tiltaket.
6. Med omsyn til friluftsliv er det viktig at massetippen ved Markjelkevatnet får ein god terrengarrondering og at det gjerast tiltak for å tilbakeføre området til mest mogleg naturleg tilstand.
7. Vestland fylkeskommune rår til følgjande avbøtande tiltak knytt til vassmiljø:
 - Reinsing av tunellavløpsvatn både for partiklar og restar etter sprengstoff.
 - Auke vassføringa i Austrepollva i anleggsfasen for å redusere sedimentering og anna miljøskade i elva.
 - Val av alternativ som vil gje minst mogleg forringa miljøtilstand av vassførekomstane generelt og Austrepollva, Markjelkevatnet og Maurangerfjorden spesielt.
 - Utbyggjar må prøve å finne alternative bruksområde for tunnelmassane.
 - Ved eventuell bruk av nonet tennarar ved sprenginga må ein gjera tiltak for å unngå spreiding av plast til naturen.
 - Fiskekartlegging og biologisk vurdering av råka vassførekomstar som ikkje har dette bør utførast før tiltaket vert sett i gang.

8. Ved løyve til bygging av Mauranger 2, vil Vestland fylkeskommune vera ein part i diskusjonar med omsyn til alt som påverkar vår rolle knytt til planlegging, bygging, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet.

Samandrag

Statkraft Energi AS har søkt om konsesjon for opprusting og utviding av Folgefonnanlegga ved bygging av Mauranger 2 kraftverk, Blådal og Svartedal pumpestasjonar, i Kvinnherad kommune. Mykje av det no omsøkte tiltaksområdet vart berørt av Folgefonnutbygginga i åra 1969-1974. Statkraft søker primært om alternativ 2 med samla effekt og produksjon på høvesvis 630 MW og 70-80 GWh. Alternativ 1 gjev mindre utbygging og er aktuelt viss ikkje sentralnettet utbetrast. Fylkeskommunen er positive til utbygginga men vi stiller krav om avbøtande tiltak knytt til kulturminne, friluftsliv og vassmiljø. Vi ber også om å delta i diskusjonar rundt detaljplanlegging som kan påverke fylkesvegnettet.

Dette prosjektet frå Statnett bidreg med verdifull regulerbar kraft i Vestland. Oppgraderinga av effekt frå 250 MW til 630 MW gjer at det oppgraderte kraftverket kan levere meir straum i periodar der behovet for kraft er høgt og bidrar til å sikre kraftbalansen. Dette er den største vasskraftprosjektet i Vestland på fleire år.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bård Sandal
avdelingsdirektør
Innovasjon og næringsutvikling (INN)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Statkraft Energi AS har søkt om konsesjon for opprusting og utviding av Folgefonnanlegga ved bygging av Mauranger 2 kraftverk, Blådal og Svartedal pumpestasjonar, i Kvinnherad kommune. Dette vil medføre utbygging av tunellar, pumpestasjonar, deponi, rigg- og anleggsområde, mindre dammar, nye kraftliner og jordkablar med meir. Mykje av det no omsøkte tiltaksområdet ligg i det området som vart berørt av Folgefonnutbygginga som vart gjennomført i åra 1969-1974. Folgefonnutbygginga består av Mauranger kraftverk, Jukla pumpekraftverk og Markjelke pumpe.

Prosjektet omfattar eit nytt kraftverk med parallell vassveg til eksisterande Jukla og Mauranger kraftverk og samla installert effekt på 630 MW auka produksjon på 70-80 GWh. Tiltaket er eit opprusting-/utvidingsprosjekt (O/U) der allereie eksisterande reguleringar og installasjonar nyttast vidare for auka vasskraftproduksjon. Vilkårsrevisjon knytt til eksisterande konsesjon vart vedteke opna av NVE 25 april 2022.

Mesteparten av energien produserst i dag i Mauranger kraftverk om sommaren fordi tilsiget hovudsakleg kjem inn nedstraums hovudmagasinet Juklavatnet. Mauranger 2 gjev netto auka energiproduksjon, men den økonomiske gevinsten i prosjektet ligg primært i å kunne produsere meir energi i periodar med høgt forbruk og/eller låg produksjon frå vind, sol og uregulerbar vasskraft.

Dagens 300 kV-nett har kapasitet til ei effektauke på 300 MW. Statnett har planar om å utvide kapasiteten på sentralnettet forbi Mauranger. Statnett har endå ikkje søkt konsesjon for dette og det er difor knytt noko usikkerheit til kva tid dette realiserast. Grunna dette har Statkraft søkt to alternativ. Statkraft ynskjer å byggje alternativ 2, men utan oppgraderingar i sentralnettet er ikkje alternativ 2 mogeleg å kopla til kraftnettet. Utan oppgraderingar i sentralnettet vil dei byggja alternativ 1. Dei søker om konsesjon på aggregat 1 etter Energilova.

Alternativ 1

Bygging av Mauranger 2 kraftverk med eit aggregat 1 på 315 MW, inntak i Blådalsvatnet og tre bekkeinntak inn til ein ny sprengt tunnel mellom Juklavatn og dagens tappetunnel ved Blådalen. I tillegg kjem regulering av Midtra Kvitnadalsvatn med 1 m, og bygging av Blådal pumpestasjon på 3 MW.

Alternativ 2.

- Trinn 1: Som alt. 1, men kraftstasjon og vassveg blir førebudd med større utsprenging slik at aggregat 2 kan installerast seinare.
- Trinn 2: Installasjon av aggregat 2 på 315 MW i Mauranger 2. I tillegg kjem bygging av Svartedal pumpestasjon på 40 MW.

Alternativ 2 føreset ei nettutviding. Statkraft Energi søker primært om alternativ 2, subsidiært alternativ 1. Samla effekt og produksjon for alternativ 2 vil bli høvesvis 630 MW og 70-80 GWh.

Søknaden omfattar ei ca. 2 km lang luftlinje frå lukehus v/Svartedalsvatn til Blådal pumpe, og ein ca. 3 km lang jordkabel frå Mauranger 2 kraftverk til nytt brytarfelt i koplingsanlegget ved Mauranger. Statkraft søker også om samtykke til ekspropriasjon av nødvendige areal og rettar, og om førehandstiltreding dersom dei ikkje oppnår minneleg avtale med rettshavar. Konsesjonssøknaden kap. 2.8 gjev ei komplett oversikt over kva, og etter kva for lover, Statkraft søker om.

Lenke til konsesjonssøknaden:

<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/7cef4f44-4235-4a08-a36d-5f088009eefa/202211253/3427814>

Administrasjonen i Vestland fylkeskommune, ved representantar frå friluftsliv, vassforvalting, energi og veg og infrastruktur, var på orienteringsmøte med Statkraft og synfaring i tiltaksområdet 26.09.22. Dette for å gje eit best mogeleg grunnlag for å produsere saksgrunnlaget for denne saka.

Kraftsituasjonen

Tradisjonelt har Vestland hatt god kraftsituasjon, men dei siste åra har vi sett at kraftsituasjonen utfordrast av ei verd i endring. Det er stor forbruksauke av elektrisk kraft over heile verda og vestlandsamfunnet er ikkje noko unntak. Forbruket aukar betydeleg og viss vi vil fortsetta å positiv kraftbalanse og god kraftsituasjon treng vi meir produksjon av elektrisk kraft. Mykje av denne krafta vil truleg koma frå ikkje-regulerbare energikjelder, som vind-, sol- og småkraft. For å balansere kraftsystemet treng vi difor meir regulerbarheit i tillegg. Difor har effektoppgraderingar svært høg verdi.

I dette prosjektet ynskjer Statkraft å auke installert effekt i Maurangerutbygginga med 630 MW. Gamle Mauranger kraftverk har, til samanlikning, installert effekt på 250 MW. Etter spenningsoppgraderingar i sentralnettet vil kraftverket liggje sentralt med god kopling mot nord og sør. Fylkeskommunen har ved fleire høve bede om fortgang i nettoppgraderingar i fylket. Ein grunn til dette har vore ynsket om å kopla til meir produksjon. Dette prosjektet frå Statnett bidreg med verdifull regulerbar kraft i Vestland.

Kulturminne og kulturmiljø

Som det går fram av konsekvensutgreiinga er det kjent fleire automatisk freda kulturminne i Austrepollen som i større eller mindre grad vert påverka av ei eventuell utbygging. Dette gjeld spesielt i anleggsperioden. Gravfeltet på Veaneset id. 72967, er eit gravfelt frå jernalder som ligg rett nord for Fv. 500 og rett aust for eksisterande tipp og utskipingskai. Feltet vart oppsøkt og dokumentert på ny 22.09.2022 på grunn av anleggsaktiviteten i samband med tunnelprosjektet Sunndal-Kroka, der massar frå tunneldrivinga vert deponert ved Veaneset og Veasteinane i Austrepollen på eksisterande tippområde. Den tidlegare innlagde geometrien i Riksantikvaren sin database Askeladden var noko mangelfull og det viste seg at utstrekninga av gravfeltet var for liten. Dette er no retta opp i databasen. Sjølve gravminna som ligg der var og unøyaktig dokumentert. Det er nokre fleire og dei fleste er ein del større enn det som tidlegare er innmålt. Elles har dei fleste kulturminna i området fått ei dekkande omtale i konsekvensutgreiinga.

Det kan likevel nemnast at det på garden Nerhus også har lege ein gravhaug med ei hellekiste som inneholdt ei særskild rik utstyrt ryttagrav frå folkevandringstid, id. 222080. Grava vart undersøkt og utgraven rundt 1980 av dåverande Historisk museum i Bergen. Då dette omhandla eit ferdig utgrave og fjerna gravminne, har den ikkje blitt lagt inn i databasen Askeladden før etter at konsekvensutgreiinga var utført. Elles er gravhaugen på Gjerde, «Pilehaugen» id. 16223 omtala, og det same gjeld grava i Bjødluro, id. 262976. Det er og gjort eit lausfunn av kleberkar, id. 216774 på «Floto» som høyrer inn under garden Øvrehus. Av kulturminne frå nyare tid er Gjerdetunet og Hålandsstølen vurdert til å ha stor verdi, medan tunmiljøa på Øvrehus og Nerhus er vurdert til å ha middels verdi.

Kulturlandskapet i Austrepollen som heilskap er gitt middels verdi i konsekvensutgreiinga. Det er mykje godt halde kulturlandskap igjen, men dei mange inngrepa opp gjennom tidene med kraftutbygging, vegbygging i samband med Folgefonntunnelen, anleggsområder og tipp/deponi har sett sitt preg på landskapet. Også den gamle ferdslevegen opp og gjennom Hardingaskaret er eit kulturminne som vil bli påverka i anleggsfasen. Denne vil bli direkte råka i nedre del ovanfor vegen der Folgefonntunnelen byrjar. I dette området er det planlagt påhogg for mellom anna anleggstunnel.

Vurdering og tilråding

Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Detaljplan med alt av planlagte inngrep av varig og mellombels karakter må sendast på høyring til Vestland fylkeskommune som regional styresmakt innan kulturminnevern. Dersom det vert avdekket konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Vestland fylkeskommune som rette dispensasjonsmyndig.

Truleg vil konsekvensane ut frå inngrep i terrenget vere av avgrensa karakter for automatisk freda kulturminne og andre verneverdige kulturminne og for kulturmiljø som heilskap. Eksisterande anleggsvegar frå Folgefonnutbygginga 1969-1974 vil bli nytta og dei største areala til massedeponi og riggområder skal leggjast der det i samband med utbygginga tidlegare delvis har vore rigg og deponi ved Markjelkevattet. Det skal borast tunnelar i fjell så det vert ikkje synlege røyrgater i terrenget, noko som er positivt dersom deponiområda raskt vert revegetert. Ei to kilometer lang kraftline er planlagt bygd mellom Blådal pumpestasjon og Svartedalsvatnet. Her er det viktig at ein

gjer arkeologisk registrering i førevegen. Også områder for jordkablar og tilkomstvegar må undersøkast i så måte, spesielt på sørsida og langs med Austrepollelva.

Elles er det to kulturminneområde som må gjevast spesiell merksemd i anleggsfasen. Det er gravfeltet frå jernalder på Veaneset id. 72967 og ferdslvegen opp Hardingaskaret. For det overordna kulturlandskapet og bygningsmiljøa i Austrepollen vil nok anleggsfasen vere det som har størst negativ innverknad reint visuelt i tillegg til støy og støv. Her er det særst viktig at gode avbøtande tiltak vert inkorporert i det vidare arbeidet.

Konsekvensutgreiinga er elles eit godt og grundig gjennomarbeidd dokument med omsyn til handsaminga av kulturminne og kulturmiljø. For ein stor del kan seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune seie seg einig i vurderingane som er gjort. Dette gjeld og med tanke på avbøtande tiltak i anleggsperioden.

For kulturminne og kulturmiljø vil dei mest negative konsekvensane kunne komme i samband med anleggsaktiviteten. Det er føreslege avbøtande tiltak som kan redusere negative verknader. Dette er tiltak som Vestland fylkeskommune stiller seg bak.

1. Det bør leggjast stor vekt på å unngå permanent synlege inngrep i fjellet.
2. Systematisk registrering og kartfesting i høve til automatisk freda kulturminne og andre verneverdige kulturminne som til dømes eldre ferdslvegar i området. Dette skal utførast i god tid før anleggsstart.
3. Leggje til rette for passasje forbi anleggsområdet ved tunnelpåhogget nord for Folgefonntunnelen, slik at den gamle ferdavegen opp og over Hardingaskaret og turstien opp til Mysevatnet kan nyttast for publikum også i anleggsperioden.
4. Gravfeltet på Veaneset skal sikrast i anleggsfasen. Den nærliggjande tippen og utskipingskaia må utformast på ein måte slik at den blir minst mogleg dominerande sett frå sjølve gravfeltet og området nord og aust for gravfeltet. Gravfeltet skal merkast med sperreband i anleggsperioden slik at ikkje uynskte hendingar oppstår.

Konklusjon kulturminne

Undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven må oppfyllest i god tid før iverksetjing av tiltak. I sjølve anleggsfasen vil utbygging av Mauranger 2 få negative konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø i området. Dette gjeld spesielt gravfeltet ved Veaneset id. 72967 som skal sikrast i anleggsperioden. Også for utgangspunktet for ferdavegen opp og gjennom Hardingaskaret vil anleggsarbeidet få negative konsekvensar. Ved å stille vilkår om avbøtande tiltak som nemnt ovanfor kan dei negative konsekvensane truleg reduserast.

Vassforvaltning

Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta, og koordinerer prosessen med å gjennomføre regional plan for vassforvaltning i tråd med vassforskrifta. Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 gjeld fram til regional plan for Vestland vassregion 2022-2027 er godkjent (oktober 2022).

Statkraft har eigne berekraftsmål, som også gjeld ved utbygging av Mauranger 2:

<https://www.statkraft.no/barekraft/>

I tabell 8-1 i KU går det fram kva for vassførekomstar som er aktuelle i samband med Mauranger 2 utbygginga. Dei naturlege vassførekomstane har miljømål god økologisk tilstand og dei sterkt modifiserte vassførekomstane har miljømål godt økologisk potensial innan 2027. Ein kan i utgangspunktet ikkje planleggje tiltak som gjer at miljømåla ikkje vert nådd.

Ureining i anleggsfasen er vurdert til å ha middels-stor konsekvens i KU, og avbøtande tiltak som er føreslått er å auke vassføringa i Austrepollelva heilt eller delvis i anleggsfasen for å redusere sedimentering og anna miljøskade i elva.

I KU står det følgjande under samla vurdering av konsekvens for ureining i anleggsfasen:

«Under forutsetning av at tunnelvannutslippene renses som normalt, vurderes prosjektet å kunne gi Betydelig miljøskade, med risiko for vann-forurensning og forringet tilstand etter vannforskriften. Dersom det slippes ut urensset tunnelvann, vurderes konsekvensen å kunne gi Alvorlig miljøskade for Austrepollelva og Markjelkevatnet, med stor risiko for vannforurensning og forringet tilstand etter vannforskriften.

Deponi ved koblingsanlegget vurderes å kunne gi Betydelig miljøskade for forurensning i Austrepollelva, men om massene deponeres ved kai-området (Ubetydelig til Noe miljøskade for Maurangerfjorden).»

Fylkeskommunen vil ut i frå dette rå til at ein vel dei alternativa som vil gje minst mogleg forringa miljøtilstand av vassførekomstane generelt og Austrepollelva, Markjelkevatnet og Maurangerfjorden spesielt. I tillegg meiner vi at utbyggar må prøve å finne alternative bruksområde for tunnelmassane.

For Vestland fylkeskommune er det viktig at utbygginga vert sett i samanheng med revisjon av konsesjonsvilkår i Maurangervassdraga.

Når det gjeld spørsmål frå NVE om tiltaket bør vurderast etter vassforskrifta § 12, så må dette gjerast dersom det er fare for at tiltaket kan redusere miljøtilstanden eller hindre at miljømålet vert nådd. Dette er det vedtaksmynde som må vurdere. Slik vi vurderer det kan miljøtilstanden verte redusert i Markjelkevatnet og Austrepollelva og Maurangerfjorden kan verte hindra frå å nå miljømåla. Dersom dette er tilfelle må § 12 vurderast. For Markjelkevatnet så kan avbøtande tiltak hindre at miljøtilstanden går ned.

Følgjande tiltak er viktige m.o.t. vassmiljø

- Det er viktig med reinsing av tunnelavløpsvatn både for partiklar og restar etter sprengstoff.
- Avbøtande tiltak med å auke vassføringa i Austrepollelva i anleggsfasen for å redusere sedimentering og anna miljøskade i elva er viktig.
- Fylkeskommunen vil rå til at ein vel dei alternativa som vil gje minst mogleg forringa miljøtilstand av vassførekomstane generelt og Austrepollelva, Markjelkevatnet og Maurangerfjorden spesielt.
- Utbyggar må prøve å finne alternative bruksområde for tunnelmassane.
- Ved eventuell bruk av nonel tennarar ved sprenginga må ein gjera tiltak for å unngå spreiding av plast til naturen.
- Fiskekartlegging og biologisk vurdering av råka vassførekomstar som ikkje har dette bør utførast før tiltaket vert sett i gang.

Friluftsliv

Dei største terrenginngrepa og konsekvensane for friluftsliv vil vere i samband med anleggsområde og massedeponi for sprengstein ved Markjelkevatnet. Opp til Markjelkevatnet går det ein offentleg tilgjengeleg bilveg. Herifrå går det ein merka tursti mot Hundsøyra, som går opp forbi demningen ved Svartedalsvatnet. Det er rimeleg å anta at denne turstien, som og ligg som eit turforslag i Ut.no, har ein del bruk, spesielt om sumaren når vegen er open og snøfri.

I konsekvensutgreiinga blir vegen frå Nordrepollen til Markjelke og stien vidare til Botnabreen omtala som ein geosti. I følge omtale på Visit Sunnhordalands nettsider (2021) er dette i ferd med å bli et mye brukt turområde (middels bruksfrekvens), og har truleg både regionale og nasjonale brukarar. Langs geostien er det informasjonstavler som fortel om botanikk og geologi i området. Vegen har også funksjon som innfallsport til Folgefonna Nasjonalpark og som utgangspunkt for brevandring på Botnabreen.

Tilgjengelegheita og det at ein så enkelt kjem seg opp på snaufjellet i randsona til Folgefonna nasjonalpark, gjer nok at vegen opp til Markjelkevatnet og Botnabreen har ein høgare verdi for friluftsliv enn det som kjem fram av Kvinnherad kommune si kartlegging og verdsetting av friluftsområde (registrert friluftsområde, C-verdi). I KU-en blir vegen og områda i tilknytning til denne (delområde A) vurdert å ha middels verdi for friluftsliv.

I anleggsperioden bør det gjerast tiltak som gjer at den merka turstien forbi Svartedalsvatnet framleis kan nyttast. Om starten på stien kjem i konflikt med rigg og anleggsområde ved Markjelkevatnet bør denne leggest om. Det må også oppretthaldast ein ferdsselsforbindelse forbi deponiområdet til Botnabreen. Det er dessutan viktig med god informasjon til turgåarar om pågåande anleggsverksemd og kor ein kan ferdast utan å kome inn i anleggsområdet. I konsekvensutgreiinga er sikring av parkeringsmoglegheiter og nemnt som eit avbøtande tiltak.

Massedeponiet ved Markjelkevatnet vil bli eit stort og synleg landskapsinngrep innan dette revevegeterast. Både i anleggsfasen og i relativt lang tid etterpå vil nok massetippen redusere landskapsopplevinga i området, sjølv om området allereie i dag er prega av tekniske inngrep. Bruk av finkorna masse og stadeigne avdekkingsmassar i topplaget er i konsekvensutgreiinga nemnt som avbøtande tiltak som kan gjerast for å sikre best mogleg revevegetering.

I konsekvensutgreiinga er det også referert til ferdavegen over Hardingeskaret og Kvitnadalen. Stien opp til Mysevatn, som har same utgangspunkt som ferdavegen, er truleg meir nytta av turgåarar. Utgangspunktet for ferdavegen og stien til Mysevatn vil bli råka av anleggsområde ved tunnelpåhogget nord for Folgefonntunellen. Vi viser igjen til at det bør stillast krav om at det blir tilrettelagt ein ny passasje forbi anleggsområdet, slik det anbefalast i konsekvensutgreiinga.

Konklusjon friluftsliv

Særleg i anleggsfasen, men og i ettertid, vil utbygging av Mauranger 2 ha ein del negative konsekvensar for friluftslivsinteressane i området. Ved å stille vilkår om avbøtande tiltak som foreslått i konsekvensutgreiinga, kan dei negative konsekvensane truleg reduserast betydeleg. Det er og viktig at tiltakshavar har god dialog med lokale turlag og andre interesseorganisasjonar om løysingar som kan redusere dei negative konsekvensane av tiltaket.

Massetippen ved Markjelkevatnet vil forringe landskapsopplevinga lokalt i dette området. Dette området er allereie i dag prega av tekniske inngrep, og fyllinga vil truleg ikkje bli særleg synleg i dei mest brukte turområda i nærleiken, t.d. stien mot Hundsøyra og Botnabreen. Det er uansett viktig at massetippen får ein god terrengarrondering og at det gjerast tiltak for å tilbakeføre området til mest mogleg naturleg tilstand.

Infrastruktur og veg

Fylkeskommunen ser at dette prosjektet har innverknadar på vår rolle knytt til planlegging, bygging, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetting er å leggja til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

Avkøyrslar frå fylkesveg

Dersom tiltaka krev at det vert etablert nye avkøyrslar og/eller utvida bruk av eksisterande avkøyrslar til fylkesvegane, skal dette søkast om til Vestland fylkeskommune eller kommunane (i tilfelle dei vert etablert innanfor regulerte område). Avkøyrslene må utformast i tråd med handbøkene, og vi føreset at tal påkoplingspunkt til fylkesvegen vert halde til eit minimum.

På orienteringsmøtet med Statskraft i Mauranger den 26.09.22, blei det vist til kart som syner konkrete områder for riggplass A og C ved Folgefonntunnelen. Ved arbeid i tunnelen vert det fort kø fram mot eksisterande avkøyrslar som vist med raud markering i Figur 1. Vi vil understreke at det i dette området må tas særlege omsyn til trafikkavviklinga.

Byggegrense

Vi syner til den generelle byggegrensa langs fylkesveg som er heimla i veglova. Tiltak som massedeponi, transformatorstasjonar, riggområder, oppstillingsplassar og andre tiltak etter § 30 i veglova, må handsamast etter veglova dersom dei kjem nærare vegen enn 50 meter.

Graveløyve

Med heimel i veglova § 32, skal det ikkje førast kablar, leidningar eller anna utstyr over, under, langs eller nærare offentleg veg enn 3 meter frå vegkant utan løyve. Søknad om løyve til slike tiltak skal i kvart tilfelle sendast til Vestland fylkeskommune.

Arbeidsvarsling

Før det vert sett i gang arbeid på/ved fylkesvegane, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen.

Problemstillingar knytt til Folgefonnstunnelen

Tunneloppgraderinga på Folgefonna er satt på vent i påvente av konseptvalutgreiing (KVU) av Øst-Vest-sambandet. Attendemeldingane er at KVU kan ligge så langt fram i tid at ein likevel vil prioritera ei oppgradering av Folgefonnstunnelen. Ved ei oppgradering må det etablerast tekniske rom i tunnelen, og det må vera mogleg å etablere desse utan at vi kjem i konflikt/må ta spesielle omsyn til dykkar planar for Mauranger 2.

Elles vil vi påpeike at det utanfor portalane kan vera aktuelt med nye havarinisjer, kiosk, etablering av teknisk bygg eller liknande. Det kan også bli aktuelt med mindre sprengingsarbeid i grøfter om desse ikkje er djupe nok, samt noko strossing i høgda om det er behov for det.

Andre utfordringar knytt til sprenging over og i nærleiken av tunnelen, er auke av vasstilsig i tunnelen. Riggområde/deponi kan også verta ei utfordring dersom Statkraft ikkje er ferdig med arbeidet innan vi ynskjer å kome i gang med oppgraderinga. Tilsvarande kan det vera synergiar å hente dersom ein får gjenbruk av slike areal.

Pågåande planarbeid for tunnel Nordrepollen-Austrepollen

Tunnelprosjektet Nordrepollen-Austrepollen langs fylkesveg 49 er prioritert i regional transportplan og planprosjektet er starta. Prosjektet er i oppstartsfasen, og traséval er ikkje fastsett. Val av trasé er sterkt knytt til kva problemstillingar som må sjåast i samanheng med kraftutbygginga. Prosjektet vil få samanfall med Mauranger 2 i den grad det er i same tidsrom utbygginga skal pågå. Bruken av riggplassar og massedeponi spesielt, må sjåast i samanheng.

Eine traséalternativet for tunnelprosjektet er lokalisert ved strandlinje i Austrepollen, og det andre noko lenger inn i dalen (Figur 1). Om det vert utbygging i same tidsrom, vil det verta utfordrande med logistikk og trafikkavvikling, samt transport av massar. Når det gjeld omfang av massar som skal deponerast er dette framleis uavklart.



Figur 1: Alternative påhogg tunnelprosjekt Nordrepollen-Austrepollen, samt eksisterande avkøyrsløp og massedeponi

Dersom ein ikkje oppnår massebalanse i prosjektet, vil det for oss vera aktuelt å nytte deponi/mellomlager som er på Dysnes (Figur 1). Dysnes er i dag regulert som mellomlager i 10 år (om lag 9 år igjen), og vert i dag nytta i samband med utbygginga av Kroatunnelen, i regi av Vestland fylkeskommune.

Prosjektgruppa for planlegging av Nordrepollen-Austrepollen vil ta sikte på å ha Statkraft sin kontaktperson for Mauranger 2 med som konsultativt medlem tidleg i planfasen, slik det vart oppfordra til på orienteringsmøtet 26.09.22.

Dersom det vert gjeve konsesjon og løyve til bygging av Mauranger 2, vil Vestland fylkeskommune vera ein part i diskusjonar med omsyn til det som er nemnd ovanfor.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget fattar endeleg vedtak.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Det er svært viktig at fylkeskommunen ved avdeling for infrastruktur og veg får vere med i diskusjonar som har potensial for å påverke vår rolle knytt til fylkesvegnettet. Dårleg kommunikasjon mellom samlokaliserte prosjekt kan skape store meirkostnader.

Tiltaket bidreg til ein sterkare kraftsituasjon og er såleis med på å leggje til rette for grønne arbeidsplassar i fylket.

Klima:

Eit hovud tiltak for å få ned klimagassutsleppa våre er å erstatte fossile energikjelder. Dette tiltaket bidreg med fornybar kraftproduksjon. I tillegg gjev tiltaket auka regulerbarheit i kraftsystemet, noko som gjer det mogeleg å kople til meir uregulerbar kraftproduksjon.

Tiltaket betrar regulanten si mogelegheit til å dempe ev. flaumar i vassdraget.

Folkehelse:

Kan påverka turvegane negativt og såleis moglegheit til friluftsliv, men vi rår til avbøtande tiltak som hindrar negativ påverknad.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket støttar spesielt opp under FN sitt berekraftsmål 7, rein energi til alle. Vi ber NVE sjå denne søknaden ilag med revisjon av gamle konsesjonsvilkår. Då spesielt med tanke på berekraftsmål 6.6, verne og restaurere vassrelaterte økosystem.

Tiltaket støttar opp om visjonen vår om å vere nyskapande og berekraftig. Tiltaket er med på å setje retning for utviklinga av Vestland. Tiltaket fremjar regional medverknad og samhandling.

Konklusjon

Dette tiltaket har stor positiv innverknad på kraftsituasjonen i Vestland. Dette gjeld spesielt alternativ 2 som krev at Statnett spenningsoppgraderer sentralnettet på sambandet som går gjennom Mauranger. Vilkåra knytt til eksisterande konsesjon til Maurangervassdraga er inne i ein revisjonsprosess. Det er viktig at NVE ser søknaden om Mauranger 2 i samheng med vilkårsrevisjonen.

Undersøkingssplikta etter § 9 i Kulturminneloven må oppfyllest i god tid før iverksetjing av tiltak. I sjølve anleggsfasen vil utbygging av Mauranger 2 få negative konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø i området. Dette gjeld spesielt gravfeltet ved Veaneset id. 72967 som skal sikrast i anleggsperioden. Også for utgangspunktet for ferdavegen opp og gjennom Hardingaskaret vil anleggsarbeidet få negative konsekvensar. Ved å stille vilkår om avbøtande tiltak kan dei negative konsekvensane truleg reduserast.

Følgjande tiltak er viktige m.o.t. vassmiljø

- Det er viktig med reinsing av tunellavløpsvatn både for partiklar og restar etter sprengstoff.
- Avbøtande tiltak med å auke vassføringa i Austrepolluelva i anleggsfasen for å redusere sedimentering og anna miljøskade i elva er viktig.
- Fylkeskommunen vil råde til at ein vel dei alternativa som vil gje minst mogleg forringa miljøtilstand av vassførekomstane generelt og Austrepolluelva, Markjelkevatnet og Maurangerfjorden spesielt.
- Utbyggingar må prøve å finne alternative bruksområde for tunnelmassane.
- Ved eventuell bruk av nonel tennarar ved sprenginga må ein gjera tiltak for å unngå spreiding av plast til naturen.

- Fiskekartlegging og biologisk vurdering av råka vassførekomstane som ikkje har dette bør utførast før tiltaket vert sett i gang.

Særleg i anleggsfasen, men også i ettertid, vil utbygging av Mauranger 2 ha ein del negative konsekvensar for friluftslivsinteressane i området. Ved å stille vilkår om avbøtande tiltak som foreslått i konsekvensutgreiinga, kan dei negative konsekvensane truleg reduserast betydeleg. Det er og viktig at tiltakshavar har god dialog med lokale turlag og andre interesseorganisasjonar om løysingar som kan redusere dei negative konsekvensane av tiltaket.

Massetippen ved Markjelkevatnet vil forringe landskapsopplevinga lokalt i dette området. Dette området er allereie i dag prega av tekniske inngrep, og fyllinga vil truleg ikkje bli særleg synleg i dei mest brukte turområda i nærleiken, t.d. stien mot Hundsøyra og Botnabreen. Det er uansett viktig at massetippen får ein god terrengarronding og at det gjerast tiltak for å tilbakeføre området til mest mogleg naturleg tilstand.

Viss det vert gjeve konsesjon og løyve til bygging av Mauranger 2, vil Vestland fylkeskommune vera ein part i diskusjonar med omsyn til alt som påverkar vår rolle knytt til fylkesvegnettet. Dette gjeld spesielt her sidan planlegging, og arbeid med, tunnelprosjektet Nordrepollen-Austrepollen og ev. oppgraderingar av Folgefonnstunnelen kan skapa eit komplekst utfordringsbilete og samstundes gje synergjar.